

Klar for klatring i Ulvanåso.

04.07.2016



Klare for Uskedalsfjella.

I dag starta nybyrjarkurs i klatring i Ulvanåso. Fem deltakarar og instruktørar møttest på Spar Uskedalen kl.14 for å gjera nødvendige innkjøp, og deretter køyrdet følgjet til Fjellandsbøvatnet der dei skal ha leir ut veka medan kurset varer. Det var ein forventningsfull gjeng som såg fram til ei veka i fjellvegen øvst i Uskedalen.

Målet er at kurset skal gje deltakarane eit grunnlag for å kunna klatra naturleg sikra ruter på led. Kurset fokuserer spesielt på klatring i fjellet, og derfor oppheld dei seg i fjellet heile veka.

Dei fleste deltakarane på kurset hadde ein del erfaring med klatring innandørs, men dei hadde lite eller ingen bakgrunn frå klatring ute. Dei håpa at dei i løpet av veka skulle læra så mykje at dei etter kurset kunne meldt seg på klatreturar. Alle deltakarane i år var tilreisande. Dei kom frå Bergen, Trondheim, Oslo og Hamar, ja, den eine kom opphaveleg frå ein stad i nærleiken av Hamburg. Hovudinstruktør var Lars Njåvatn, trønder busett i Bergen, med ein annan trønder, Sturla Sandvei, som medinstruktør.

Dette kurset har vanlegvis hatt første delen i Eikedalen, men sidan verutsiktene denne gongen var såpass gode, valde dei å leggja heile kurset til Ulvanåso. Yr.no melder oppholdsver utover i veka, og dermed er det ikkje fare for mykje vatn som det lett kan verta i veggen av Nåso. Lars Njåvatn har vore og klatra i fjella her mange gonger. Han er såleis svært godt kjent med dei ulike mulighetene.

Uskedalen.no har sikra seg fotograf blant kursdeltakarane, og vi lovar å koma tilbake med reportasje med kjekke bilete frå kurset seinare i veka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.